



Alver kommune Plan og byggesak  
Hanne MARIe Evensen  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: a2165d74-bb92-49e0-93f4-e82b4869414e

Vår: 21/6392 - 21/51659

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

[laila.bjorge@alver.kommune.no](mailto:laila.bjorge@alver.kommune.no)

Dato:

29.07.2021

## Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon frå bygging på - gbnr 33/13 Jordal

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNFR- føremålet for løyve til oppføring av bustad på om lag 180 m<sup>2</sup> BYA og garasje på om lag 80-90 m<sup>2</sup>. Det er i denne omgang kun søkt dispensasjon frå LNF-føremålet

Dette er ein allereie frådelt tomt og det er difor ikkje naudsynt med handsaming etter jordlova sine reglar om omdisponering og deling jf §9 og 12. Arelaet er synt som produktiv skog, men gardskartet vert ikkje oppdatert før bygging skjer sjølv om løyve til omdisponering til bustadføremål skal vera vurdert då tomten vart oppretta.

Tomten ligg på ein haug med fleire frådelt tomter rundt og det vil ikkje ha negative konsekvensar for landbruket i området at denne vert bygd på. Det er ikkje registrert viktige naturtypar på eller i nærleiken av tomten som kan ta skade av bygging.

Myking er ei bygd som treng tilflytting av yngre familiar og i jordlova sitt føremål er omsynet til busetjing eit viktig mål. Det er eksisterande infrastruktur i området. Etter landbruk sitt syn vil ikkje omsyna bak LNF-føremålet verta sett til side om det vert gitt dispensasjon for bygging, og landbruk vil rå til at slik vert gitt fordi det er eit område som treng meir busetjing.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG